

Kulturdepartementet  
Postboks 8030 Dep.  
0030 Oslo

Dykkar ref.:  
NOU 2019:9, Fra kalveskinn  
til datasjø

Vår ref.:  
//arkivlov/216

Arkivkode:  
060/Arkiv

Journalnr.:  
081/2019

Dokumentdato:  
2. des. 2019

## **Høyringssvar til framlegg om ny lov om samfunnsdokumentasjon og arkiver**

Vi viser til motteken NOU 2019: 9 «Fra kalveskinn til datasjø – ny lov om samfunnsdokumentasjon og arkiver» som er sendt på offentleg høyring med tilsvarsfrist 02.12.2019.

### **Generelt**

Vårt høyringssvar er omforent med Møre og Romsdal Revisjon IKS sitt høyringssvar av i dag. Vi er også kjend med at Revisjon Midt-Norge SA, Kommunerevisjonsdistrikt 3 i Møre og Romsdal Revisjon IKS har omforent forståing og sender tilsvarende høyringssvar fra den interkommunale revisjon. Dei vil sende inn eigne høyringssvar med tilsvarende innhold. Vi mener det er positivt at lova sitt virkeområde er foreslått å vere nøytral med tanke på organisasjonsform.

I likhet med høyringsfråegna frå Møre og Romsdal Revisjon IKS vil vi slutte oss til det som er uttala derifrå, og vi vil på same måten kommentere særskilt to punkt i framlegget som ligg føre til ny arkivlov.

### **Utviding av lova sitt virkeområde - § 2**

Vi meiner at utvidinga av virkeområdet er altfor omfattande. Mange verksemder som er heilt eller delvis eigd av det offentlege (kommunar/Fylkeskommunar, m.v.), er underlagt særlovgjeving som er knytta til dokumentasjon og arkivering. Som kommunalt heileigd interkommunalt samarbeid/oppgåvefellesskap (interkommunalt revisjonsselskap) er vi underlagt slik særlovgiving:

I Kommunelova § 24-2 2. ledd, heiter det: «*Revisor skal planlegge, gjennomføre, dokumentere og rapportere sitt arbeid i samsvar med lov og forskrift og god kommunal revisjonsskikk.*» I forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 21 er krava til dokumentasjon av revisor si verksemd beskrive slik:

*«Revisor skal dokumentere hvordan revisjonen er gjennomført og resultatet av revisjonen. Dokumentasjonen skal kunne underbygge og gi grunnlag for å etterprøve revisors konklusjoner. Forhold som tilsier at det kan foreligge misligheter eller feil, skal dokumenteres særskilt med angivelse av hva revisor har foretatt seg.*

---

#### **Regionskontor for kommunane:**

Flora, Bremanger  
**Flora kommune**, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø  
Tlf. Terje Førde: 57 61 26 40 eller  
57 61 26 41, evt. mobiltlf. 99 22 92 27  
Tlf. Trine Vokuhl Havn, 57 61 26 48;  
- evt. mobiltlf. 91 74 20 35

#### **Hovudkontor/regionskontor for kommunane:**

Førde, Jølster, Naustdal, Gauldalen, Askvoll, Gulen  
**Førde kommune**, Rådhuset, Hafstadv 28, 6800 Førde  
Postboks 487, 6802 Førde, Tlf. Terje Førde, 57 61 26 41  
Tlf. Charles Litsheim, 57 61 26 42, mobil. 91 33 30 46  
Tlf. Stig Årdal, 57 61 26 45, mobil: 90 52 48 55  
Tlf. Asgeir Tveit, 57 61 26 44, mobil: 90 87 43 88

---

#### **Regionskontor for kommunane:**

Hyllestad, Fjaler, Solund  
**Hyllestad kommune**, 6957 Hyllestad  
Tlf. regionskontoret;  
Tlf. Aud Marit Nyland Eide, 57 61 2646  
- evt. mobiltlf. 99 23 52 16  
Tlf. Torill Nordstrand, 57 61 26 47;  
- evt. mobiltlf. 47 65 50 93

*Ved rådgivning og andre tjenester for den reviderte virksomheten skal revisor dokumentere oppdragets art, omfang og en eventuell anbefaling. Revisor skal oppbevare dokumentasjonen på en ordnet og betryggende måte i minst 10 år.»*

Begrepet «God kommunal revisjonsskikk» konkretiserer korleis dokumentasjonen skal utarbeidast, sikrast og oppbevarast mellom anna gjennom internasjonale revisjonsstandarder. Dokumentasjonen er omfattande og detaljrik. Vidare har den ofte også grensedragningar mot regelverket for personopplysningar. Vurderingar av kva som skal arkiverast kan derfor være krevjande siden dei to lovverka kan ha motstridande omsyn. Dokumentasjonen blir oppbevart i eit digitalt revisjonsverktøy som er utviklet for bransjen av Den norske Revisorforening. Dokumentasjonen er også sikra mot endring etter at revisjonsoppdraga blir avslutta.

Ved revisjon av kommunar og fylkeskommunar er det kontrollutvala som bestiller våre revisjonstenester. Vi rapporterer funna våre til kontrollutvalet i våre forvaltningsrevisjonar, sel-skapskontrollar, rekeneskapsrevisjonar og andre undersøkingar, i eigne revisjonsrapportar. Etter konkrete handsamingar i kontrollutvalet, går sakene vidare til kommunestyre eller fylkesting. Gjennom denne sakshandsaminga blir alle våre bestillingar og rapportar arkivert gjennom gjeldande regelverk for kontrollutval og kommunar/fylkeskommunar.

Ved bestillingar frå andre aktørar som til dømes interkommunale selskaper, kyrkelege fellesråd, sokn/menighetsråd og kommunale stiftingar, legat, m.v., vil våre rapportar blir oppbevart hos mottakaren i henhold til gjeldande regelverk for aktøren.

Vår oppfatning er derfor at den utvidinga av virkeområdet som det er gjort framlegg om for arkivlova, vil pålegge den interkommunale revisjon ei arkiveringsplikt som går langt utover det vi har i dag. Omsynet til allmenheita er etter vår oppfatning allereide godt ivaretake gjennom den særlovgsjevinga som vi er underlagt. Det gjeld også den arkiveringsplikta som er gjeldande for våre kundar i dag. I tillegg til våre rapportar og uttaler gjeld dette også alle saklister, saks-dokument-/papirer og protokollar frå våre eigarmøte. Desse leggast i dag fram for både kontrollutvalet og kommunestyret/fylkestinget som sak eller til orientering. Vi er såleis fullt ut transparente og dokumenta vert arkivert i deltakarkommunane på forskriftemssig vis i dag.

Utvidinga av virkeområdet vil bli opplevd som særleg byrdefull sidan vi, om utkastet blir vedteke, må føreta arkiveringar etter ulike regelverk. Dette vil heilt klart medføre endå større grad av vurderingar enn kva vi har i dag.

Vi vil også sterkt påpeike at gjennom framlegget til utviding av virkeområdet, vil interkommunale samarbeid og kommunale oppgåvefellesskap, slike som oss, bli pålagt ei plikt som private aktørar ikkje er pålagde. Vi minner i den samanheng om at vi er i ei konkurranseutsett virksemد, slik at ei gjennomføring av framlegget til løvendring, som ligg føre, vil kunne svekke vår konkurranseevne, gjennom auke i tidsbruk/ressursbruk. Slik viser det kan ikkje dette vere gjennomtenkt slik framlegget ligg føre.

Vi menier derfor at § 2 bør innehalde eit generelt unnatak for verksemder som har arkiveringsplikt etter anna særregelverk. Dersom eit generelt unnatak ikkje kan gjennomførast, meiner vi at det bør vere eit spesifikt og særleg unnatak for revisjonsverksemder.

Avslutningsvis vil vi også understreke at mange av verksemndene som blir omfatta av utvidinga i § 2, ikkje utfører sakshandsaming etter bestemmelsane i forvaltningslova. Desse verksemndene utfører ikkje myndigheitsutøving, kan ikkje gjere einskildvedtak, og utfører heller ikkje sakshandsaming etter forvaltningslova, eller andre lover. Vi meiner at dette også er faktorar som tilseier at unnatak frå framlegget som ligg føre, vil vere forsvarleg.

## Plikt til å dokumentere kommunikasjon mellom leiarar på ein automatisert måte - § 8

Mange interkommunale samarbeid er små verksemder/selskap med få personar i leiande stillingar. Kommunikasjonen mellom leiarane kan vere av uformell art og vere av løpende karakter. Det vil seie at kommunikasjonen vil vere meir prega av prosessar enn klare beslutningstidspunkt. Som ei følge av det utvida virkeområdet som det er gjort framlegg om i § 2, vil desse einingane no få plikt til å dokumentere «virksomhetsrelatert kommunikasjon til og fra personer i ledende stilling». Det meste av kommunikasjon mellom leiarar vil vere verksemderrelatert. Lovutkastet har ingen avgrensinger av denne kommunikasjonen, slik at ei bokstaveleg fortolkning vil medføre at all slik kommunikasjon skal dokumenterast. Dette vil etter vår oppfatning vere både lite rasjonelt og uhensiktsmessig.

Vi forstår at allmennheita kan ha interesse av å vurdere kva som ligg til grunn for avgjerder og beslutningar. Her vil vi peike på at ulike selskapslovgivningar allereide har særbestemmelser om protokollføring av styremøter og vedtak/beslutningar som blir gjort i møte. Vi ser ikke behovet for ei tilsvarende «protokollføring» av kommunikasjon mellom leiarar.

I den grad framlegget til ordlyd i 2. ledd blir implementert i endeleg lov, meiner vi at kommunikasjonen som skal dokumenterast, bør avgrensast til avgjerder/beslutningar av strategisk art. Desse vil allereide bli handsama i styrande organ med tilhøyrande saksdokument/dokumentasjon og protokollføring. Lovforslaget vil dermed kun gje ytterlegare dokumentering av prosessen fram til dei forslag/framlegg som blir fremma. Etter vår oppfatning vil det ikkje vere behov for å dokumentere prosessar på denne måten.

I framlegget til § 8 3. ledd er det kravd at dokumentasjonsplikta skal ivaretakast på ein automatisert måte. Det er vanskeleg å sjå for seg korleis samtalar og diskusjonar skal kunne dokumenterast på ein automatisert måte. Det er også vanskeleg å sjå for seg automatiserte verktøy som skal balansere omsyn til personvernet for leiarar og «virksomhetsrelatert kommunikasjon» gjennom algoritmer eller liknande. Det er grunn til å tru at mykje meir enn tiltenkt innhald kan bli arkivert gjennom automatikk.

Vi har forståing for at omsynet til kostnader med dokumentasjon tilseier at det i størst mogleg grad bør automatiserast. Det same gjeld omsynet til likehandsaming som i større grad vil kunne ivaretakast ved automatisering. Likevel finn vi grunn til å stille spørsmålsteikn ved behovet for plikt til automatisering. Dette gjeld i særleg grad små vierksemder som fell inn under utvidinga i § 2. Vi registrerer at det er lagt opp til at det kan gjevast forskrifter som blir knytta til desse bestemmelsane, og at det kan åpnast for unnatak for 3. ledd i ein overgangsperiode. Vi meiner bestemt at i den grad 3. ledd skal gjennomførast slik som det er gjort framlegg om, bør unnataket i 4. ledd ikkje vere tidsavgrensa, men faktumsbasert, til dømes gjennom storleiken på verksemda/selskapet.

Med vennleg helsing

**Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord (KRYSS Revisjon)/**

**Vestland Revisjon Kommunale Oppgåvefellesskap**

**Kommunerevisjonen**

**Ytre Sogn og Sunnfjord**

**Postboks 489, 6801 Førde**



**Dagleg leiar/Revisjonssjef**

**Dagleg leiar/Revisjonssjef**

**KRYSS Revisjon**

Kommunerevisjonen i  
Ytre Sogn og Sunnfjord